



Vestnes kommune
Rådhuset
6390 VESTNES

Vår dato: 10.08.2023

Vår ref.: 202205420-11 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.: PLAN-22/00007-22

Sakshandsamar: Ole-Jakob Sande,
22959545, ojs@nve.no

NVE trekker motsegn til detaljregulering for BN10 Sessneset i Vestnes kommune

Vi viser til brev datert 23.06.2023 og suppleringsdokument på e-post 08.08.2023. Saka gjeld førespurnad om å trekke motsegner til detaljregulering for BN10 Sessneset i Vestnes kommune.

NVE fremja motsegn til planframlegget ved første gongs offentleg ettersyn i brev datert 15.03.2023.

NVE trekker motsegn til detaljregulering for BN 10 Sessneset for følgjande forhold;

- Manglande innarbeiding av omsyn til kartlagt flaumfare i plandokument.
- Manglande vurdering og dokumentasjon på inngrep i eller langs vassdrag i plandokument.

Om motsegna

NVE fremja motsegn til detaljregulering for BN10 Sessneset i brev datert 15.03.2023. Grunnlaget for motsegna var manglande innarbeiding av omsyn til kartlagt flaumfare og manglande vurdering og dokumentasjon på inngrep i eller langs vassdrag i plandokument.

Dersom Vestnes kommune set krav om tilstrekkeleg omsyn til kartlagt flaumfare og innarbeider krav som avklarar eventuelle tiltak i eller langs vassdraget vil grunnlaget for motsegna falle bort. Motsegna er forankra i NVE rettleiar [2/2017 «Nasjonale og vesentlige regionale interesser innen NVEs saksområder i arealplanlegging»](#).

NVE sine merknader til nytt planframlegg

Det er utarbeidd nye plandokument før førespurnaden om å trekke motsegner er sendt. NVE sine merknader og motsegnspunkt er omtala og svara ut i dokumentet «Kommentarar til merknader og motsegner» under avsnittet Statsforvaltaren i Møre og Romsdal.



Flaum og erosjon

I revidert plankart er omsynssone flaumfare H320 regulert med rett kode. På førespurnad har vi fått oversendt ein redigert versjon av føresegner datert 19.06.2023 som inneheld informasjon om omsynssona. Med siste versjon av framlegg til plankart og føresegner vurderer vi at planen svarar for vår merknad på ein tilfredsstillande måte og at grunnlaget for motsegna fell bort. **NVE trekker motsegn til detaljregulering for BN10 - Sessneset knytt til manglande omsyn til kartlagt flaumfare i plandokumenta.**

NVE registrerer at planen opnar for gjennomføring av sikringstiltak mot erosjon innanfor arealføremålet *Grønstruktur*, og at det er krav om at eventuelle tiltak vert avklara etter vassressurslova før igangsetjing. Vi registrerer også at plankartet er endra slik at arealføremålet *Grønstruktur* strekker seg langs vassdraget heilt opp til fylkesvegen. NVE har ikkje utfyllande merknader.

Vassdragsmiljø

Vi registrerer at plankartet er endra slik at arealføremålet *Grønstruktur* strekker seg langs vassdraget heilt opp til fylkesvegen, og at planen ikkje opnar for nye tiltak i eller langs vassdraget. For eventuell erosjonssikring er det set krav i føresegnene § 5.1 om avklaring av tiltaka etter reglane i vassressurslova.

NVE vurderer at revidert planframlegg svarar for våre merknader knytt til manglande avklaring etter vassressurslova for tiltak som kan ha verknad for allmenne interesser i vassdraget, og vi vurderer at grunnlaget for motsegna fell bort. **NVE trekker motsegn til detaljregulering for BN10 Sessneset knytt til manglande vurdering og dokumentasjon på inngrep i eller langs vassdrag.**

I framlegg til reviderte føresegner er § 5.1 gjort tydelegegare i høve til krav om å sikre kantvegetasjon i samsvar med vassressurslova § 11. Revidert planframlegg stadfestar også at eksisterande bru ved utløpet av Sessselva framleis skal kunne brukast, og den er regulert med føremålet privat veg. NVE har ikkje utfyllande merknader.

Eventuelt endra uttak av ferskvatn krev avklaring etter vassressurslova.

Grunnforhold

Vi kan ikkje sjå at det er gjort nye konkrete vurderingar av planlagt fyllingsarbeid i sjøen eller endringar i føresegnene knytt til vår merknad om krav til prosjektering av fylling med omsyn til stabilitet. Vi gjentek råd om å innarbeide krav i føresegnene som sikrar at planlagt fylling i strandsone og sjø blir prosjektert og utført med tilstrekkeleg fagleg kompetanse.



Med helsing

Øyvind Leirset
Seksjonssjef

Ole-Jakob Sande
Senioringeniør

Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjend etter interne rutinar.

Mottakarar:

Vestnes kommune

Kopimottakarar:

STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL
Møre og Romsdal fylkeskommune